




SPRÅKLIG SAMLING

Nr. 4 – 1984

25. årg.

Kr. 15,00



FRANÇOIS M'BAHIA

I dette nummeret:

DIDRIK ARUP SEIP –

**100 år og framleis
aktuell?**

*Blir det laga
nye ord i
norsk?*

Debatt

«Med lempe og forstand»?

Det har stort sett vært stille om språket i NRK etter at de nye språkreglene blei vedtatt for tre år sia. Men konfliktstoffet er ikke blitt borte; det ser vi av ei erfaring Halvor Kleppen gjorde i høst, og som vi vanlige avislesere også fikk del i. Som påtenkt programleder for P1s Natradio fikk Kleppen beskjed av «ledelsen» om at han kunne snakke dialekt fra klokka fem over tolv til halv to, men måtte holde seg til «normbunde» språk fra halv to til fire. Deretter kunne han igjen bruke dialekt fram til sendinga slutter klokka seks. Grunnen er at i den første og siste delen av programmet er «nattverten» programleder og snakker fritt, mens han i midtsekvensen bare er annonsør for ferdig innspilte innslag. Og språkreglene sier at det skal brukes offisielt normalmål i «programannonsering». Kleppen trakk seg fra jobben.

Da de nye reglene kom, sa LSS seg rimelig fornøyd med de punkta som gjaldt forholdet mellom dialekt og normalmål. Men vi oppfordra også til å praktisere reglene «med lempe og forstand». Det er ikke skjedd i dette tilfellet, og ikke en gang de beste regler i verden kunne hindre denne typen episoder. Her bør «NRKs ledelse», hvem det nå måtte være i dette tilfellet, ta kraftig sjølkritikk.

Samtidig annonserer Finn-Erik Vinje i et stort oppslått intervju i Arbeiderbladet (6. oktober) at han skal lede en «språkkampanje» for Østlandssendinga med «vide fullmakter» for å komme «slurvet» til livs. Han sier en del fornuftige ting om «sludre-radioen» og bruken av musikk som pausefyll, og understreker at et tydelig og klart språk ligger han på hjertet. Så langt kan vi ønske han lykke til, men forutsetninga er at strevet for et «korrekt» språk ikke utarter til ei klappjakt på dialektinnslag – ut fra ei slik stivbeint tolking av reglene som den Kleppen har vært utsatt for.

LSV

Språklig Samling

Redaksjon: Øyvind Haaland (ansv. red.),
Lars S. Vikør (red.sekr.),
Knut S. Vikør, Ivar Utne

Bladpenger: Kr. 45,-

Utgitt av:
LANDSLAGET FOR SPRÅKLIG SAMLING
Medlemspenger: Kr. 65,- pr. år; for skoleelever,
studenter og pensjonister: Kr. 40,-

Leder: Lars S. Vikør,
Øvre Smestadvei 51,
0378 Oslo 3

Lagets og bladets adresse:
Postboks 636 Sentrum, 0106 Oslo 1
Postgiro 5 16 37 87


Utgitt med støtte fra Norsk kulturfond

INNHOOLD

Ernst Håkon Jahr: Didrik Arup Seip – språknormeraren og språkpolitikaren	3
Dag Gundersen: Blir det laget nye ord på norsk? ...	8
Nye bøker 1984	11

DEBATT-KOMMENTAR

Rolf Theil Endresen: DE – DEM – DERES.	
Forslag til ei oppmjuking	12
Lars S. Vikør: Forskjellige ord»	13
Positiv tilråding frå norskkommissjonen	14
Gaver til LSS	14
Tomas Refsdal: Språklige sidespor (1)	15



DIDRIK ARUP SEIP

Språknormeraren og språkpolitikaren

Av Ernst Håkon Jahr

Det er vanleg å meine at professor Didrik Arup Seip har hatt mykje å seia for utviklinga av dei skriftlege målformene våre i dette hundreåret. Han hadde på sett og vis ein finger med i det språkpolitiske spelet og i den konkrete normeringsdebatten i over 50 år. Han var professor i nordisk språkvitskap i 38 år og var svært produktiv som forskar, utgjevar, talar og skribent.

Didrik Arup Seip blei fødd i Hobøl i Østfold i 1884, og ville altså ha vori 100 år i år. Faren var sokneprest, og da Seip var eit halvt år gammal, flytte heile familien til Åseral i Vest-Agder. Seinare, da Seip var 13 år, flytte dei vidare til Kopervik. I 1899 tok Seip til på Stavanger offentlege skole, og tok examen artium der i 1902. Han studerte filologi ved universitetet i Kristiania frå 1904, og tok embetseksamen i 1911. Hovudfaget hans var norsk med gammalnorsk. I 1912 drog han på ei stipendreise til København, seinare var han ei stuttare tid i Berlin og i Sverige med. I 1916 tok han doktorgraden på ei undersøking av lånord frå lågtysk, og blei same år utnemnd til professor i riksmål ved universitetet i Kristiania. Seip var da 32 år gammal. Ikkje lenge etter blei professoratet døyppt om til professorat i nordisk språkvit-

skap, og han sat i det til han gjekk av i 1954, da han fylte 70 år. I 5 år var han dekanus ved det historisk-filosofiske fakultetet, og han var rektor ved universitetet i Oslo frå 1937 til 1945. Seip blei arrestert av tyskarane i 1941, sat ei tid på Grini og i Sachsenhausen, og levde frå 1942 til krigen enda under «oppsyn» i Tyskland. Seip døydde i 1963, 79 år gammal.

Seip var medlem av to språkpolitiske organisasjonar i si tid. Den eine var Studentmållaget, i studietida. Han var til og med formann eitt semester og gav ut eit par pamflettar med agitasjon for landsmålet. Den andre organisasjonen var samnorskrørsla Østlandsk reisning, der Seip var med i leiinga frå han blei professor i 1916 og om lag ti år framover. Men etter at Østlandsk reisning sovna inn mot slutten av 20-åra, var ikkje Seip

aktivt med i nokon språkpolitisk organisasjon. Likevel er det ikkje rett å seia at den språkpolitiske verksemda hans enda med Østlandsk reisning. Seinare blei han ofte tatt til inntekt for riksmålsrørsla, men au Landslaget for språklig samling (LSS), skipa så seint som i 1959, såg på Seip som sin mann. Det er vel elles ei vanleg oppfatning at Seip frå å vera målmann og språkpolitisk radikal samnorskmann i ungdommen, etter kvart blei meir og meir konservativ. Målmannen blei samnorskmann, og enda nærmast som riksmålsmann.

I ei vurdering av Seip som språknormerar og språkpolitikar er det heilt nødvendig å komma inn på den vitskaplege innsatsen hans på det språkhistoriske området. Her kom Seip til å føre vidare det arbeidet landsmålsprofessoren Marius Hægstad hadde byrja, med sine studiar i gammalnorske dialektar. Det var utforskinga av det gamle austnorske målvaldet som blei hovudfeltet Seip kom til å arbeide med. Hovudoppgåva Seip sette seg, var å røkje etter om søraustnorske former og språktrekk, som mange hevda var komne inn frå dansk eller svensk, likevel hadde vaksi fram og utvikla seg på nasjonal grunn og såleis var å sjå på som like nasjonale som t.d. dei formene Aasen-normalen bygde på. I den språkhistoriske forskinga fann Seip stønad for synsmåta sine i språknormeringsspørsmåla. Språkhistoria var med og danna grunnlag for argumentasjonen hans, og i dette arbeidet meinte Seip å leggja grunnlaget for ei meir objektiv vurdering av moderne språkforhold og konkrete normeringsspørsmål.

«En sannhetens og vitenskapens vogter»

I Didrik Arup Seips tilfelle er det vanskeleg, for ikkje å seia umogleg, å skilja språknormeraren frå språkpolitikaren. Men sjølv oppfatta han «språkpolitikk» berre som den verksemda språkstridslaga Noregs Mållag og Riksmålsforbundet dreiv med. Han kalla ofte desse organisasjonane for språkpartia, og meinte at dersom ein stelte seg mellom desse to, så dreiv ein ikkje politikk. For Seip var språkpolitikk striden mellom nynorsk og riksmål/bokmål om bruksområde og bruksfrekvens i samfunnet. Språknormering var ikkje språkpolitikk for han. Han kunne nok av og til bruke ord som «strid» og «språkstrid» i samband med dei normeringsspørsmåla han drøfta. Men han understreka ofte at han var objektiv i normeringsspørsmål og nøytral i språkpolitisk samanheng. I førsteførelinga si i 1916 sa han at som riksmålsprofessor skulle han vera «en sandhetens og vitenskapens vogter i maalstriden». Han ville ikkje vera «klavebundet» til noko parti i den politiske språkkampen.

Enda om Seip heilt frå 1916 såg seg som språkpolitisk nøytral, og sjølv sagt gjorde det ut frå oppfatninga i den tida at kampen aleine stod mellom riksmål og landsmål, så er vi med vårt syn i dag på kva språkpolitikk er, nøydde til å sjå på Seips normeringsverksemd som i høgste grad språkpolitisk verksemd også. Å vurdere språknormeraren Seip og språkpolitikaren Seip blir dermed i mykje to sider av same sak.

Kva det for Seip ville seia å vera nøytral og objektiv i språkspørsmålet, kan vi lesa ut av ein nekrolog han skreiv i Maal og Minne i 1929 over Marius Hægstad, Amund B. Larsen og Hjalmar Falk. Her ser vi at dersom



Didrik Arup Seip (1884–1963)
(Foto: NTB)

ein legg språkhistorisk forskning til grunn for ei nasjonal linje i språksaka og arbeider for eitt norsk skriftspråk, så oppfyller ein kravet til objektivitet. Det er tydeleg at Seip såg på arbeidet for eit samnorsk skriftspråk som språkpolitisk nøytralt. Han hadde jo – trass i orda i førsteførelinga si om ikkje å vera «klavebundet» av noko språkpolitisk parti – ikkje hatt nokon vanskar med å slutte seg aktivt til samnorskrørsla Østlandsk reisning rett etterpå. Men først og fremst la Seip vekt på det han såg som språkhistoriske «fakta». Det var vurderingane av dei som kunne gi grunnlag for ei «vitskapleg» holdning i språkstriden. Den mest «objektive» holdning var å bygge på språkhistoria i sitt eige språksyn. Når Seip sjølv skifta syn i eit normeringsspørsmål, grunn gav han det med ny språkhistorisk innsikt og kunnskap. Han skreiv t.d. dette i ein kronikk i Aftenposten i 1931 (15.4.):

«Jeg har personlig gang på gang måttet revidere min opfatning efter hvert som jeg har studert sproget i våre gamle diplomer og lovhåndskrifter, eller der ved dialektundersøkelser er kastet nytt lys over moderne sprogforhold. I det hele er vår sproghistorie til å få forstand av (...)

Tre periodar

Når ein drøftar Seips språkplanlegging, kan det vera tenleg å rekne med tre ulike periodar: Den første perioden dekkjer tida rundt 1917-reforma, da Seip var aktivt med i Østlandsk reisning; den andre gjeld 1930-åra med 1938-reforma som sluttstrek, og den siste 1950-åra med opprettinga av Norsk språknemnd og arbeidet med ny læreboknormal, som Seip sjølv ikkje tok direkte del i. Dersom vi ser på desse periodane som heilskapar, og i kronologisk rekkefølge, vil vi kunne studere endringar

og utvikling hjå Seip frå periode til periode, og dessutan sjå på kva for punkt endringane skjer.

Skilnadene er størst frå den første perioden til den andre, altså frå tida rundt 1917-reforma til 1930-åra. I 1930-åra blir språksynet hans så godt som fastlagt, men det skjer likevel ei viss endring i Seips samla argumentasjon frå 1930- til 1950-åra. Derfor kan det vera grunn til å rekne dette som to skilde periodar. Tida som målmann var derimot for berre ein episode å rekne, og ser seinare ikkje ut til å ha spela noka rolle for Seips holdning og syn. Men negativt fekk denne tida likevel sitt å seia for han, fordi han av mange målmenn blei sedd på som ein fråfallen, ein dei ofte vurderte med djup skepsis. Seip var ikkje med i nokon av reformkomiteane i 30-åra, og det kom nok av at ei oppnemning av Seip ville ha blitt oppfatta som ein stor provokasjon av målørsla. Gustav Indrebø, Seips kollega og viktigaste motstandar blant målfolka, kalte Seip for den «hardaste motmannen mot nynorsk». Men for Seips holdningar og syn på språknormering og språkpolitikk ser altså tida som målmann ikkje eigentleg ut til å ha vore særleg viktig. Det er eit brot mellom den perioden i Seips verksemd og den perioden vi her skal rekne for den første: **Østlandsk reisingstida** eller tida kring 1917-reforma.

I denne perioden kom Seip med i det offentlege ordskiftet om skriftnormalane. Han blei oppnemnd i Falk-komiteen i 1916, og tok tidleg eit standpunkt som han stod ved heile den tida Østlandsk reising dreiv verksemda si. Ved sida av Seip var sokneprest Eivind Berggrav og professor Halvdan Koht dei fremste førarane i Østlandsk reising. Seip såg på Østlandsk reising først og fremst som ei nasjonal rørsle, og austlandsmåla som den faktoren som kunne sameine landsmål og riksmål. Det som var viktig, skreiv Seip, var å kjempe «en strid for talemål mot skriftmål». I riksmål gjekk hovudmotsetninga mellom nasjonal og unasjonal – mellom norsk og dansk –, i landsmål mellom landsdelsmål og riksspråk.

Seip var lite opptatt av spørsmål som hadde å gjera med språk og identitet, i motsetnad til Eivind Berggrav, som la avgjerande vekt på nettopp det aspektet, eller av språk og sosial klasse, som Halvdan Koht. Seip la i staden hovudvekta på spørsmålet om nasjonalitet og utbreiing. Det var austlandske målføre som historisk hadde verka til å fornorske riksmålet, derfor meinte Seip at desse målføra måtte danne grunnlag for utviding av landsmålsnormalen med. På den måten kunne ein føre dei to skriftmåla saman.

Men nokon klar folkemålsstrevar var Seip ikkje. Hans eigen bruk av folkemålsformer er t.d. stort sett avgrensa til artiklar i «Østgullet», bladet til Østlandsk reising. For Seip, i motsetnad til for Berggrav og Koht, var arbeidet med skriftspråket det viktigaste. Han såg kløyvinga av det norske målet i to skriftspråk som ein stor fare for det nasjonale samhaldet. Samlingstanken var overordna, det galdt å komma snøgt fram til eit samnorsk skriftspråk som alle nordmenn kunne samlast om og kalle sitt eige. For Seip blei det derfor om å gjera å vise at måla på Austlandet ikkje var «unorske» eller «halvdanske», men at dialektane søraust i landet au var naturleg utvikla frå det gamle målet. Når Seip talte om at folkemålet på Austlandet måtte få større rom i skriftmåla, var hovudgrunnen den at han såg for seg løysinga av språkstriden i Noreg ved ein slik framgangsmåte.

1930-åra er ein noko vanskelegare periode når det gjeld å plassere Seip i det språkpolitiske biletet. Men dersom vi ser nærmare på den kritikken han kom med mot reformframlegga i 30-åra, og på hans egne framlegg, er det likevel mogleg å få auga på ganske klare linjer. At Seip hadde blitt meir konservativ i normeringssynet no enn han var i Østlandsk reisingstida, er klart. Den gongen gjekk samlingstanken ut på eitt språk på ein nokså brei austnorsk grunn. Han trekte eit skilje mellom «danna» riksmålstale og meir dialektprega tale, som han meinte stadig seig inn i riksmål. Denne prosessen ville han setja fart på i den første perioden – for snøgt å nå det nasjonale målet: eit språk i Noreg, høveleg for alle nordmenn. Dette nasjonale momentet dukka i 30-åra mest fram som forsvaret for riksmålsformer, sidan den språkhistoriske forkinga hans i mellomtida hadde klarlagt det nasjonale opphavet deira. Seips språkhistoriske syn blir såleis grunnleggjande for å skjønna synet hans på norsk språknormering og for å forstå endringa frå å støtte eit meir utprega «fleirtalsspråk» til eit syn som enno legg vekt på utbreiing, men som no au drar inn for fullt argument som går på stil og tradisjon. Skriftradisjonen i riksmål og stilistiske omsyn blei no brukte som argument for å gå varsamt fram. Seip tok ikkje avstand frå å samle skriftmåla på folkemålsgrunn, men han hadde fått så mykje betre tid etter kvart. Han såg ikkje lenger samnorsken rett om hjørnet, slik han vel gjorde kring 1917.

I 1950-åra tok Seip eit steg vidare. No gjekk han opent ut mot normering på folkemålsgrunn. Likevel representerer denne perioden berre ei logisk vidareføring av det språksynet han hevda i 30-åra. I 1950-åra gjekk Seips arbeid ut på å styrke tradisjonen i riksmål og å demme opp mot folkemålsformer. Jamvel om han ville ha stor nyanserikdom i bokmål, var det forsvaret for tradisjonen som prega argumentasjonen hans i denne perioden. At Seips samlingsarbeid no kom i bakgrunnen, var ei naturleg følge av dette. Han meinte no at dei historiske førstesetnadene for to skriftmål langt på veg var borte, at Oslo-målet – og da meinte han oftast talt riksmål – ekspanderte, og at busetnadsmønstret var endra slik at grunnlaget for dialektane, og dermed for nynorsken, heldt på å kverve. Likevel sa han at han ville arbeide for eitt samla skriftmål.

Konflikten i Seips syn kom tydeleg fram ved opprettinga av Norsk språknemnd. Seip ville enno arbeide for eitt skriftspråk, men samstundes skulle ein ta vare på tradisjon, nyanserikdom og språkleg grunnhått. Når vi ser Seips syn på talemål og skriftmål saman, er det klart at nynorsken måtte komma i bakgrunnen. Medan Seip opent argumenterte for å styrke tradisjon og valfridom i bokmål, blei tradisjonen i nynorsk nærmast sedd på som ein død tradisjon. Grunnen til det, hevda Seip, var at hovudtyngda av norsk talemål stadig fjerna seg frå den nynorske skriftradisjonen og utvikla seg mot talt riksmål. Og nettopp her er vi ved eit kjernepunkt i Seips syn i denne perioden. Bokmålet skulle vidast ut og gjerast rommeleg med valfrie sideformer frå utbreidd folkemål. Bokmål skulle såleis famne om både det talemålet som stod bokmålsskrifta nær, og, i tillegg, det talemålet nynorsken bygde på. Det er nokså klart at Seip tenkte seg ei løysing der nynorsken gjekk opp i bokmålet.

Seips normeringsprinsipp

Det endelege målet for Seips arbeid i normerings-spørsmål og språkpolitikk var å føre dei to skriftmålsformene våre saman i ei nasjonal og felles skriftform. Først og fremst måtte denne skriftforma vera *norsk*. Det primære normeringsprinsippet hos Seip kan vi derfor kalle det **nasjonale** prinsippet. Dette prinsippet stilte krav om norske former, i riksmål måtte dei trekka som blei sedde på som fremmede, skiftast ut med norske ord og former. I den første perioden var det nokså mykje i riksmål som måtte endrast etter det Seip meinte da. Men etter kvart kom han til at stadig meir av det som før var blitt vurdert og sett på som unasjonalt, eigentleg likevel hadde norsk opphav. Det var språkhistorieforskinga hans som fekk han til å endre syn. Og for Seip var i grunnen hovudproblemet i språksaka i Noreg i ferd med å bli løyst i og med dette. Dersom riksmålet var nasjonalt ut frå historisk-språklege kriterium, fall eigentleg heile grunnlaget for språkstriden vekk, slik Seip såg det.

Det nasjonale prinsippet var overordna og primært for Seip. Men det blei altså etter kvart mindre og mindre aktuelt å stille konkrete endringskrav til riksmål ut frå dette prinsippet. I staden blei eit anna prinsipp viktigare for han å bruke, nemleg prinsippet om **valfridom**, prinsippet med valfrie former. I Østlandske reisingstida ville Seip ha valfridom for utbreidde folkemålsformer for å få broti ned den tradisjonelle skriftnorma både i landsmål og i riksmål. Men i 1930-åra blei grunngevinga ei anna for å halde på dette prinsippet. Seip kom nemleg i ei viss klemme i denne perioden, fordi ei sosialpolitisk og demokratisk grunngeving for å normere i folkemålslei no blei sterkare enn den nasjonale, som hadde dominert tidlegare. For Seip betydde ei sosial grunngeving lite. Han har aldri, så langt eg kan sjå, brukt sosiale argument i språkdebatten. Dei formene i riksmål som *no* stod under åtak, var ikkje folkemålsformer, men tradisjonelle riksmålsformer, og Seip forsvarte dei ut frå prinsippet om nødvendig valfridom for å ta vare på ulike stilvariantar. Prinsippet om valfridom blei altså brukt ulikt i dei to første periodane når det galdt riksmålet.

Men overfor landsmål/nynorsk skjedde det ikkje noka endring frå å bruke prinsippet for utbreidde folkemålsformer i den første perioden, til å bruke det for å bevare tradisjonelle former i den andre perioden. I 30-åra var grunngevinga for å ha stor valfridom i nynorsknormalen den same som i perioden føre. For å komma vidare på samlingsvegen var det nødvendig, meinte Seip, å halde fram med så mykje som mogleg av valfrie austlandsformer i nynorsken. Han meinte at nynorsken burde gå foran i samlingsarbeidet og vise veg. Dersom dei nye, austnorske, utradisjonelle formene blei arbeidde inn i nynorsk, ville det seinare bli lettare å introdusere dei i bokmål, hevda han.

Når det galdt nynorsk, kunne språknasjonale argument vanskeleg bli brukte til fordel for den eine forma framfor den andre. Nynorsken var norsk og nasjonal tvers igjennom, og hadde vori det frå første dag. I staden brukte Seip her det vi kan kalle eit **fleirtalsprinsipp** i argumentasjonen. I valet mellom fleire norske folkemålsformer ville Seip bruke statistikk over brukarane for å avgjera. Seip meinte tydelegvis at dette var eit

objektivt og nærmast udiskutabelt kriterium når ein måtte gjera vanskelege val. Med dette kriteriet slo naturlegvis ut til fordel for det sentrale Austlandet nesten heile tida. Av dei prinsippa Seip følgde i normeringsarbeidet, er det fleirtalsprinsippet som både i samtida og seinare særleg er blitt tilskrivi han.

Å bruke statistikk som utvalskriterium fører ikkje sjeldan til eit nokså dramatisk brot med eit prinsipp om indre konsekvens, som t.d. Aasen la så stor vekt på. Seips fleirtalsprinsipp fører ofte til ei oppramsing av enkeltformer, d.v.s. det fører til mange unntak i etablerte klassar og kategoriar i grammatikken. Men Seip streka ofte under at han ikkje såg på konsekvens som eit viktig prinsipp. Ikkje noko skriftspråk er konsekvent, sa han, «konsekvenskravet er pedantisk og farlig».

Om han ikkje såg konsekvens som ein dyd, slik Aasen gjorde, så ville han likevel ha skriftspråket så form-enkelt og lett å lære som råd. Og her er vi ved eit nytt viktig prinsipp hos Seip, vi kunne kalle det for det **historisk-lingvistiske** prinsippet. Seip såg det slik at språkutviklinga nødvendigvis førte til form-enklare språktilstandar. På grunnlag av eit slikt syn meinte han at målføra på Sør-austlandet var dei lingvistisk sett mest moderne i landet. Dei hadde utvikla seg til ein tilstand som dei andre, meir arkaiske og gammalvorne dialektane ein gong i framtida også ville nå fram til.

Dette prinsippet blei stadig viktigare i Seips argumentasjon. Han brukte det alt i den første perioden, men blei da stilt til veggs med spørsmålet om kvifor han gjekk inn for hokjønn og diftongar i riksmål, når felleskjønn og monoftongar vel måtte sjåast på som lingvistisk sett meir «moderne». I 1930- og 50-åra kom Seip sjølv til det same resultatet, og dermed forsvarte han ganske riktig både bruk av felleskjønn og monoftongar. Ut frå same prinsippet avviste han desutan andre infinitivendingar enn e-infinitiv, for båe skriftmåla, trass i at kløyvd infinitiv vel hadde folkefleirtalet bak seg. Men ei så komplisert og vanskeleg form kunne Seip, på tvers av fleirtalsprinsippet, ikkje gå inn for, og han brukte mykje energi i 30-åra på å motarbeide kløyvd infinitiv som skriftmålsform.

Skal vi vurdere Seips historisk-lingvistiske prinsipp som normeringskriterium, må vi først slå fast at det nok ikkje er noka tvingande nødvendig språkhistorisk utvikling frå det formrikare til det meir form-enkle, slik Seip trudde. Vi har etter kvart nok av dokumenterte døme på den motsette utviklinga til å avvise ein slik hypotese. Likevel er det slik at dersom ein først *må* lære seg eit system som vik av frå det talemålssystemet ein har, så er det pedagogisk sett lettare å lære eit enkelt enn eit meir komplisert system. Og her har da det enklare riksmålsystemet ein fordel framfor systemet i nynorsk. Men medan Seip i 30- og 50-åra ville halde på og bevare det enklare riksmålsystemet, ville han samstundes komplisere nynorsknormalen enda meir ved å føre inn i grammatikken ei mengd usystematiske unntak frå relativt enkle og veldefinerte klassar. Ved å introdusere språkhistorisk sett meir moderne former i nynorsk, og «moderne» da i Seips tyding, ville nynorskgrammatikken ikkje bli generelt enklare, men tvert om meir komplisert på mange punkt.

Ei konsekvent holdning

Det er etter dette ikkje særleg vanskeleg å sjå ei ganske konsekvent holdning i utviklinga av Seips syn på språkspørsmålet og språknormeringa. Heile tida ønskte han eitt norsk skriftmål med nasjonalt utvikla ord og former, høveleg for alle nordmenn. Det mest høvelege var au det lingvistisk sett enklaste – eller mest moderne, som Seip sa –, og når konsentrasjonen av folk på det sentrale Austlandet berre blei sterkare og sterkare, måtte fleirtalsprinsippet og det historisk-lingvistiske prinsippet komma til å forsterke kvarandre i å framheve Oslo og Oslo-regionen språkleg.

I alle periodane argumenterte han for eitt samnorsk skriftspråk. Men medan han i den første perioden hadde tru på at det skulle vera mogleg å utvikle samnorsken relativt snøgt, blei han seinare meir tålmodig. Grunnen til at tempoet måtte setjast ned, var at Seip meinte å ha klarlagt at riksmålet ikkje var så unasjonalt likevel. Dermed var det ikkje lenger nokon grunn til å gjera djuptgripande og strukturendrande inngrep i riksmålsgrammatikken. Når riksmålet i det store og heile hadde like gode nasjonale anar som landsmålet, så meinte Seip at det au eigentleg hadde større rett, fordi det hadde vori lengst i bruk og i tillegg fordi det lingvistisk sett var mest moderne.

For å komma vidare mot eitt skriftspråk var det derfor nynorsken som no først og fremst måtte forandrast. Nynorsken måtte over på søraustnorsk språkgrunn for til slutt å gå heilt opp i ein vid bokmålsnormal. Når riksmål/bokmål var ferdig fornorska og nasjonalisert, kunne nynorsken gå opp i bokmålet, og vi hadde eitt nasjonalt skriftspråk, eitt standardspråk med dei rette historiske linjene bakover i saga, og med språkleg tyngdepunkt og grunnlag i eit standardtalemål i hovudstaden, fornorska og modifisert av søraustnorske dialektar. Språkforholda i Noreg ville da vera «normale», d.v.s. heilt på linje med det vi kunne finne i andre land.

Er Seip framleis aktuell?

I dag må vi nok seia at tida og utviklinga har gått frå mykje av det Seip stod for i språkdebatten. I det heile tatt verkar mykje i den måten han argumenterte på, nokså uaktuelt no. Det er lett å peike på fleire grunnar til at det er slik. For det første vil ingen i dag finne på å hevde at det å ta eit samnorskstandpunkt i språksaka er språkpolitisk nøytralt, heller ikkje at det å tufte normeringssynet sitt på språkhistoriske fakta, statistikk over busetnad o.s.b. gjer at ein er meir «objektiv» i si holdning enn andre som kanskje legg til grunn indre strukturell einskap, estetiske vurderingar o.s.b. I det heile tatt er det vel få i dag som dristar seg til å hevde om seg sjølv at han eller ho har ei nøytral og objektiv holdning.

Den viktigaste grunnen til at mykje av det Seip skreiv, verkar uaktuelt, er likevel kanskje det at den forserte og aktive samnorskpolitikken i praksis er oppgitt av dei politiske styresmaktene – iallfall førebels. Omvurderinga hos politikarane sette symbolsk nok inn om lag samstundes med at Seip døydde i 1963. Året etter blei språkfredscomiteen, Vogt-comiteen, sett ned. Eit

anna viktig forhold er at måten vi i 1970- og 80-åra forstår språkspørsmåla på, i mykje er forma av dei to nye vitskapsgreinene språksosiologi og språkpsykologi. Både to er komne til og har vaksi seg viktige etter at Seip døydde. Medan Seip la heilt avgjerande vekt på om ord og former hadde eit norsk opphav eller ikkje, er språkdebattantar i dag oftast langt meir opptatt av *kven* det er som bruker *kva for* former, *når* blir dei brukte og *kvifor*. Det som nemleg først og fremst slår ein når ein les Seip i dag, er at han ser ut til heilt å mangle forståing for kor viktig språksosiale faktorar er i språkstriden. Seip orienterte alt om dimensjonen norsk – unorsk, og var derfor ikkje i stand til heilt ut å forstå drivkreftene bak den veldige reaksjonen som kom t.d. på 1917-reforma, ein reaksjon som i første rekke må forklarast ut frå språksosiale heller enn språknasjonale motsetnader.

Når det gjeld dei andre viktigaste normeringsprinsippa til Seip, må vi seia at prinsippet om valfridom mellom mange former i normalane i høg grad er i live i norsk språknormering. Likevel kan vi nok sjå at ein viss skepsis tar til å utvikle seg t.d. i Språkrådet mot stadig å føre inn nye former ved sida av dei som alt er der. Særleg gjeld det for nynorsk. Seips fleirtalsprinsipp spelar nok òg framleis ei viss rolle for språknormeringa, men blir likevel lagt mindre vekt på i dag enn fram til og med Læreboknormalen av 1959. Det historisk-lingvistiske prinsippet til Seip er det, trur eg, ingen som bruker i normeringsdebatten no. Dersom vi da ikkje skal generalisere prinsippet til å gjelde ønsket om enklare former i pedagogisk samanheng. For da kan vi t.d. nemne vedtaket i Språkrådet frå eit par år tilbake om å sløyfe – som sideform – samsvarsbøyinga i perfektum partisipp av sterke verb i nynorsk som utslag av eit slikt prinsipp. Men da ikkje med den grunngevinga at dette er ei lingvistisk sett meir moderne ordning, slik Seip kanskje ville ha uttrykt det.

Som vitskapsmann var det i språkhistorieforskinga Seip gjorde sin viktigaste innsats. Det er au her hans største betydning for språknormeringa ligg. Sjølv om det er blitt reist vesentleg fagleg kritikk mot dei metodane Seip brukte når han leita i dei gamle dokumenta etter belegg for språkpolitisk omstridde ord og formkategoriar, kan vi vanskeleg komma fordi at Seips fremste innsats i norsk språknormering ligg her. Det er klart at tidlegare vurderingar om nasjonalt eller unasjonalt opphav for ord og former ofte var tufta på mangelfull kunnskap, og at Seips forskning har bidratt til å ta livet av dei mest bestante påstandane. Når vi i dag er mindre opptatt av spørsmålet om nasjonalt eller fremmdent opphav, så kan vi kanskje sjå det, iallfall *delvis*, som eit resultat av Seips arbeid og verksemd. Og dét er vel kanskje ikkje så dårleg eit resultat likevel?

Merknad:

I arbeidet med denne artikkelen som er ei nedkorta utgåve av prøveforelesing for doktorgraden over oppgitte emne (i juni 1984), har eg hatt nytte av ei uprenta hovudoppgåve om Seip: *D. A. Seips stilling i Språknormeringsarbeidet* av Erling Berstad (Bergen 1980).

Blir det laget nye ord på norsk?

Av Dag Gundersen

Spørsmålet i overskrifta ble reist av Ola Jonsmoen, medlem i Norsk språkråd, i et brev til fagnemnda i rådet. Fagnemnda bad ordboksredaktør Dag Gundersen lage ei utgreiing om emnet, og den har vi fått lov til å trykke her (noe forkorta).

I et brev til Norsk språkråd 23.2. 1984 har rådsmedlemmet, forfatteren Ola Jonsmoen tatt opp spørsmålet om norsk er lite produktivt av egne røtter, slik det er blitt hevdet. Hans egen erfaring er også at nyord ofte er av fremmed opphav. Han sier at «etter det eg kan forstå er norsk språk nærast i ein dvaletilstand med omsyn til eiga voksterkraft. Det rikaste tilfanget kjem frå engelsk...». Videre spør han:

«Kan ein seie noko – gjerne med gode døme – om bokmålet har vorte rikare, nyare, gjennom påverknad frå dialektane? Er bokmålet – ja nynorsk normalmål og for den saks skuld – villig til å akseptere dristige norske nylagingar, eller er motstanden stor, brukarane trege? Tyr dei snarare til framandord enn til norske? Har det nye trønderordet – godt og humørfyllt – nokon sjanse attmed framandordet, har «jabbkaill» (Adresseavisen 22.02.1984) to i seg til å tevla med konferansier?»

Her trengs det først en del presisering. Hva er et nyord? Det er i alle fall et ord en selv ikke kjenner fra før, og i tillegg er det ikke registrert før av institusjoner som driver slik registrering. At ordet virkelig er nytt i norsk, kan en vanskelig garantere dersom en ikke har det fra opphavspersonen selv. I praksis blir derfor «nyord» brukt om «nyregistrert ord». Derimot er det ingen regler eller restriksjoner når det gjelder form eller ordtype. Dermed kan en bare slå fast at hovedmengden av nyregistrerte ord slett ikke er nye lånord, men avledninger og sammensatte ord der kjente ord er ledd. Disse kan selvsagt være eldre lånord. Men som «nyord» stiller altså *shelf* og *kontinentalhylle* likt.

Om bokmål er blitt rikere gjennom dialektene, er også et spørsmål som krever presisering. Vil «rikere gjennom dialektene» si «rikere ved å ta opp ord som avviker fra nynorsk normalmål»? I så fall kan en trolig svare nei. At Prøysen og Skjæraasen skriver «itte», har ikke hatt noen gjennomslagskraft verken i bokmål eller nynorsk. At Sunnmørsposten skriver at det var ei «fole kaule» da hjemmelaget vant, er beregnet på en lokal leserkrets som et humoristisk eller kontaktskapende innslag, ikke som avløser for «stor sensasjon» e.l.

Annerledes er det hvis en spør om bokmål er blitt rikere av å ta opp ord fra nynorsk. Som eksempel fra fagspråk har jeg brukt ord fra registeret i *Norges Lover* (Fra *Bokmål*. Temahefte av *Mål og Makt* nr. 3, 1979):

attføring	(rehabilitering)
edruskap	(edruelighet)
farsott	(epidemi)
fornminne	(fortidsminnesmerke)
framhaldsskole	(fortsettelsesskole)
kostnad	(omkostning)
kunngjøring	(bekjentgjørelse)
landssvik	(landsforræderi)
løyve	(tillatelse)
mellombels	(midlertidig)
opptak	(opptagelse)
samband	(forbindelse, kommunikasjon)
stønad	(understøttelse)
sysselsetting	(beskjeftigelse)
trygd	(pensjon)
ugild	(innhabil)
vanfør	(handikappet)
vederlag	(erstatning)
vigsel	(vielse)

De fleste av disse ordene har slått an også utenfor lovspråket. En av grunnene, og kanskje hovedgrunnen, er at de er kortere enn de ordene de erstatter.

Det samme er et poeng ved mange andre ord som bokmål har tatt opp fra nynorsk. Som eksempler fra den samme artikkelen kan vi ta disse:

framifrå	(fremragende)
høve	(anledning)
målbære	(?gjøre seg til talsmann for)
saumfare	(? kontrollere omhyggelig)

At ordet fra nynorsk fyller et tomrom i bokmål ved at det står for noe som bokmål ellers må uttrykke med flere ord, er mindre vanlig enn at ordet har fordeler framfor ett bokmåls-synonym. Grensen er uklart fordi det nye ordet kan ha assosiasjoner som det «gamle» ikke har, for eksempel *vonbrotten* for *skuffet*. Legger en mest vekt på dette og mindre på hovedbetydningen, kan en si at synonymien er så svak at ordene egentlig ikke brukes likt.

At slike assosiasjoner og bibetydninger er viktige, viser Jonsmoens eksempel *jabb-kaill* for *konferansier*. *Jabba* er ifølge Aasen «snakke etter, sige Ja til alt» og «stamme, tale klodset». Av Aasens betydninger under *Kall* passer «'Kar', om Mand i Almindelighed» best, men det spør om ikke brukeren også trekker inn Aasens betydning 1: «aldrende Mand, Gubbe, Olding». I alle

fall er forleddet *jabb-* fra først av negativt ladd, og siden det ikke skal være det i *jabb-kaill*, må en i stedet si at hele ordet har et humoristisk anstrøk. Det har derimot ikke *konferansier*, følgelig dekker ikke ordene hverandre. Det er lite trolig at *jabb-kaill* vil slå igjennom.

Som eksempel på ett det har gått ganske bra med, kan vi ta *plateprater* for *diskjockey*. DJ-en «pisker fram» platen og salget (jf. eng. *to flog* både om å piske og å drive aktivt salg). Ordet har en viss innebygd humor. Det har også *plateprater*, enten det kommer av lungegymnastikken i uttalen eller det useriøse ved *prate*. De to ordene er ekte synonymmer.

Jonsmoen spør også om nynorsk normalmål er villig til å akseptere dristige norske nylaginger – på dialektgrunnlag, forutsetter han vel. Like sikkert som at nynorsk ordforråd bygger på dialektene, er det at dialektene er langt mindre restriktive overfor nyord, uansett opphav, enn nynorsk er. Fra gammelt er *heit*-ordene et smertensbarn. Videre kan en peke på erfaringer som ordskapere har gjort gjennom tidene. En møter ofte treghet i miljøet; det er mangler ved nyordet som gjør det mindre egnet enn ordskaperen håpet. Ennå har det ikke festnet seg noe «godt norsk ord» for *deadline* og *layout*. Edv. Os' *brynjebil* (panser-) har ikke slått an i Forsvaret, og *himmelseglarane* har knapt lettet fra bakken.

Når Jonsmoen spør om bokmålet, og gjerne nynorsken, er villig til å akseptere dristige norske nylaginger, kan en lese ut av spørsmålet en påstand (implikasjon) om at dialektbrukerne er friske leverandører av dristige nylaginger. Om det er slik, må enhver avgjøre ut fra sitt eget kjennskap til dialektene. Mitt inntrykk er at det ikke er slik. Dialektbrukere flest tar opp den betegnelsen som et nytt fenomen gjerne har med seg når det kommer. Som svensken Samuel Columbus sa i 1678: «När waran har förtdts in, så ha namne kommit in mä.»



Dag Gundersen.
(Foto: Øyvind Haaland).

